



Klare til tokt med Mathilde - 6 og 7. klasse ved skulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

19 av dei 20 elevane i sjette og sjuande klasse ved skulen er på tokt med ei gamal dame i føremiddag. Ho heitar Mathilde og er ei hardangerjakt, bygt i Ølve i 1884 og tilhøyrrer Hardanger Fartøyvernsenter i Norheimsund..

Denne veka og delvis neste veke er det museumstokt i Kvinnherad som står på programmet og Hatlestrand og Malmanger var unnagjort før turen kom til Uskedalen. Bringedalsbygda, Sunde og Tofte er dei neste før rundturen er gjort. Den kulturelle nistepakken via kulturskulen har organisert den.



Skipparen Audun Apelseth er ein ramsalt sunnmøring! (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Mathilde er ei gamal dame som krev sitt med omsyn til vedlikehald, påpeika skippar Audun Apelseth for uskedalen.no etter at han hadde teke i mot elevane. Som døme på det opplyste han at nytt storsegl kosta 300.000 kroner. Men Mathilde er eit flytande museum og det nyttar ikkje å ty til moderne eller lettvinde løysingar når noko skal skiftast ut.



Mathilde ved Sandakaaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ellers er tryggleik ombord svært viktig. Dette var da også første post på timeplanen i dag. - Skuta er jo egentleg ein haug med ved, påpeika skipparen før han overlet detaljane til matrosen.

Ellers står ei grundig innføring i sjømannskap naturleg nok på programmet. I rommet blir biletspelet Nordlandsfarten vist og det set kyst-transporten i gamle dagar og då også Mathilde inn i eit historisk perspektiv. Skipparen er det ein kan kalla ein ramsalt sunnmøring. Med seg som mannskap har han Mikael Riley og Gunvor Storaas frå Norheimsund og Wencke Liseth frå Bergen. Mathilde er ofte å sjå her i traktene og det skuldast ikkje minst at skipparen er ein god bekjent av Ole Kristoffer Vågen på Skorpo. Skuta har da også lege der sist natt.

Det er stille opphaldsver i dag og skipparen lovar stort sett eit opphald på dekk. I går var det frisk seglas ute på fjorden, men det ligg førebels ikkje an til det i dag.

Av Ola Matti Mathisen